

Me er folk for fjella.

Me krev stans i all vidare vindkraftutbygging på land.

Me er ei lokal gruppe frå Masfjorden og Nordhordland som arbeidar for å stoppa all vindkraftutbygging i området frå Stølsheimen i aust til havet i vest og Sognefjorden i nord til Osterfjorden i sør.

Me krev at området vert teke ut av alle planar for vindindustri.

BKK og Norsk Vind kallar området utbygd.

Miljødirektoratet og NVE kallar området lite verdifullt, lite konfliktfylt og godt egna til vindindustri. I januar 2019 sende Miljødirektoratet forslag om at same området kan bli nasjonalpark.

Lokalt engasjement viser at området er konfliktfylt og har stor verdi, nasjonalt, regionalt og lokalt.

Våre fjell er alle sine fjell, også fjella til våre barnebarn.

Me er folk for fjella, tenk sjølv, sjå filmen vår.

«Folk for fjella» sitt innspel, i lag med filmen «Folk for fjella», til OED sin innspelskonferanse i Bergen 23.5.19.